



Møteprotokoll

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 09.11.2020
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 12:00 - 14:00

Innkalling til dette møtet har skjedd som mailutsending til møterekka med budsjettinformasjon 9. november.

Frammøtte medlemmer	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	Medlem
Helge Dyrkolbotn	Medlem
Anny Helene Sætre Bertelsen	Medlem
Mette Ekornrød	Medlem
Odd Sigvald Øksnes	Medlem
Ivar Bergsvik	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore, Liv Løvvik, Odd Harald Dommersnes

Austrheim 13. november 2020

Odd Sigvald Øksnes
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
014/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
015/20	Godkjenning av møteprotokoll
016/20	Orienteringssak
017/20	Budsjettframlegg 2021

014/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

09.11.2020 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Handsaming i rådet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

RMNF - 014/20 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent

015/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

09.11.2020 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Handsaming i Eldrerådet:

Det vart ikkje tid til å sjå på protokollen frå førre møte. Møtesekretæren legg den ved neste innkalling.

RMNF - 015/20 VEDTAK:

Det vart ikkje tid til å sjå på protokollen frå førre møte. Møtesekretæren legg den ved neste innkalling.

016/20: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

09.11.2020 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Det var meldt inn ei orienteringssak, denne går vidare til neste møte.

RMNF - 016/20 VEDTAK:

Orienteringar sendt vidare til neste møte

017/20: Budsjettframlegg 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024. Grunngevinga er gjeve i saksopplysingane. Heimel er kommunelova § 14-2.

09.11.2020 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådmann Liv Løvvik og kommunalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om budsjettet for 2021. Dokumenta var også sendt ut på førehand, og vart delt ut i papir til dei som møtte fysisk. Kommunalsjef Dommersnes vektla at det ikkje vert eit økonomisk frislepp sjølv om kommunen er på veg ut av Robek-lista. Det er store behov som ventar, som investeringar i skule og sjukeheimen. Innan drifta er det behov for å styrka helse og omsorg. Gjeldsnivået er urovekkande høgt, samanlikna med andre kommunar.

Rådmann Løvvik sa at det kan bli etablert eit råd for brukarmedverknad, med tanke på arbeidet for dei eldre, og utsette grupper.

Medlem i rådet Ivar Bergsvik gav cred for orienteringa. Bergsvik spurte om skatteinngangen, om denne kan vera så god at det går ut over andre ting. Rådmann Løvvik svara at om ein går ut av Robek så kan ein missa ein del støtte frå Fylkesmannen, men dette er det teke høgde for i budsjettet.

Handsaming i rådet:

Rådet tar eit møte tysdag 17. november klokka 15.00, der ein diskuterer budsjettet og uttale.

RMNF - 017/20 VEDTAK:

Rådet tar eit møte tysdag 17. november klokka 15.00, der ein diskuterer budsjettet og uttale.
